




Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023

Vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019




Kommunal- og
moderniseringsdepartementet



Innhold

Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling	5
Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet	13
Berekraftig areal- og transportutvikling.....	21
Byar og tettstader der det er godt å bu og leve	25
Statlege planretningslinjer og statlege planføresegner	31

Forord



Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Det går fram av plan- og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane og ligg til grunn for dei statlege myndigheitene sin medverknad i planlegginga.

Regjeringa vil formidle den nasjonale prioriterte politikken på ein tydeleg måte, slik at planlegginga i fylkeskommunar og kommunar kan skje effektivt og til beste for innbyggjarar i heile landet. Samtidig styrkjer regjeringa det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Regjeringa ønskjer at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal vere basert på open dialog mellom alle partar, der også staten deltek. Eit viktig skritt på vegen er dei nasjonale forventningane.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Dei regionale og lokale myndigheitene har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane.

Det gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik og kompetanse. Planlegging er eit av dei viktigaste verktøya dei har.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.


Regjeringa har fått tilslutnad i Stortinget til meldinga om *Berekraftige byar og sterke distrikt*, Meld. St. 18 (2016–2017). Dei nasjonale forventningane fører vidare denne politikken. Regjeringa er oppteken av at utfordringar og moglegheiter varierer frå stad til stad. Regjeringa legg stor vekt på lokaldemokratiet i plan- og byggjesaker, samtidig som nasjonale omsyn blir tekne vare på. Ein må derfor forstå nasjonale forventningar i den lokale samanhengen når ein utarbeider og gjennomfører planar. Regjeringa legg vekt på å fremje naturgrunnlaget for samisk kultur, språk, næringsutøving og samfunnsliv, inkludert oppvekstvilkåra til samiske barn.

Stortinget har bede regjeringa «sørge for at neste dokument om «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» inneholder en oversikt over gjeldende statlige planretningslinjer og samtidig varsle nye eller planlagte revisjoner av de eksisterende». Denne oversikta står i slutten av dette dokumentet.

Monica Mæland



01



Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling

Planlegging er eit effektivt og godt styringsverktøy for berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk. Fylkeskommunane og kommunane har fått auka handlingsrom og større ansvar for å sikre nasjonale

og vesentlege regionale interesser i planlegginga. Regional og kommunal planlegging er viktig for å få ein meir berekraftig, brukarorientert, effektiv og resultatorientert offentlig sektor.

1.1 FNs berekraftsmål som grunnlag for regional og kommunal planlegging

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan, mellom

anna for å sikre sosial rettferd og god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.



Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og for å realisere berekraftmåla i Noreg. Dei er nærmast befolkninga, lokale bedrifter og organisasjonar. Samtidig er dei ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til befolkninga. Regjeringa legg vekt på at arbeidet med å realisere berekraftmåla blir sikra brei forankring gjennom den regionale og kommunale planlegginga.

Som eit ledd i den ordinære politikken til regjeringa, vil regjeringa medverke til kompetanseutvikling

ved å formidle erfaringar frå arbeidet med berekraftmåla til fylkeskommunar og kommunar. Det er viktig at fylkeskommunane og statlege myndigheiter samarbeider om å hjelpe kommunane i arbeidet med å følgje opp berekraftmåla. Eit breitt nettverk, som inkluderer bedrifter, andre kommunar og organisasjonar, kan medverke til læring og stimulere til felles innsats. Regjeringa vil også halde fram arbeidet med å utvikle indikatorar for alle berekraftmåla. Dei må tilpassast regionale og lokale forhold, slik at fylkeskommunar og kommunar som ønskjer det, kan måle effekten av eigen innsats.



1.2 Tydeleg retning for samfunnsutviklinga

Regjeringa vil styrkje samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane og kommunane. Rolla inneber å gi ei tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga ut frå regionale og lokale forhold, å mobilisere ulike aktørar og å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk. Regional og kommunal planlegging er sentrale verktøy for å utøve denne rolla. Samtidig styrkjer regjeringa det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser.

Dei regionale og kommunale planstrategiane gir politisk prioritering av planinnsatsen, og er viktige verktøy for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging. Samfunnsdelen til kommuneplanen gir retning til lokalsamfunnsutviklinga og bidreg til at nasjonale og regionale mål blir tilpassa lokale forhold. Konkretisering av planane skjer gjennom god kopling mellom handlingsdelen til planane og økonomiplanlegginga. Det er der ansvar blir plassert og planar blir sikra gjennomføring. Planprosessen er eit høve for kommunestyra til å diskutere om kommunen har føresetnader for å møte framtid utfordringane aleine, eller om kommunen heller bør byggje ein større og sterkare kommune saman med nabokommunar.

Regjeringa meiner at ein overordna arealstrategi i samfunnsdelen til kommuneplanen kan gjere arealplanane betre tilpassa behova og utfordringane til samfunnet. Arealstrategien kan medverke til heilskapleg avveging mellom nasjonal, regional og kommunal arealpolitikk. Arealstrategien gir langsiktig retning til areal- og ressursforvaltninga til kommunen. Det er viktig for å samordne

bustad-, areal- og transportplanlegginga, fremje næringsutvikling, redusere klimagassutsleppa, tilpasse samfunnet til klimaendringane, skape sosialt berekraftige samfunn og redusere nedbygging av dyrka mark og natur.

Ein oppdatert arealdel til kommuneplanen gir raskare behandling av reguleringsplanar og gjer det meir føreseieleg for innbyggjarar og næringsliv. Det er viktig å utnytte fleksibiliteten i plansystemet for å tilpasse planlegginga til regionale og lokale behov og unngå fleire planar enn nødvendig.

Mange fylkeskommunar og kommunar blir slått saman 1. januar 2020. Regional og kommunal planlegging er viktig for å få fram felles kunnskapsgrunnlag og peike ut felles retning for samfunnsutviklinga. Med regionreforma får fylkeskommunane større strategisk ansvar og oppgåver innanfor fleire politikkområde, mellom anna kulturminneforvaltning, kultur, næring og kompetanse. Regional planlegging vil vere det sentrale verktøyet for å fastsetje mål for dei nye politikkområda og gi strategisk retning til verksemda til fylkeskommunane. Samtidig skal regionale planar i utgangspunktet vere rådgivande.

Regjeringa ønskjer å gi samiske språk, samisk kultur og samisk nærings- og samfunnsliv ei sikker framtid i Noreg. Det kan mellom anna gjerast gjennom regional og lokal planlegging i dei samiskspråklege befolkningsområda, ved å leggje til rette for bruk av samiske språk og tenester på samisk, og ved å arbeide aktivt for å rekruttere og sikre nødvendig samiskspråkleg kompetanse.

1.3 Effektive og kunnskapsbaserte planprosessar

Fylkeskommunane og kommunane har ansvar for at planar og avgjerder byggjer på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og at dei har nødvendig plankompetanse. Det er viktig at kommunane utnyttar dei mogleghetene for

forenkling og effektivisering som det er opna for i plan- og bygningslova dei seinare åra. Det gjeld særleg tilgangen til å stoppe eit urealistisk planforslag allereie i oppstartsfasen, å bruke oppstartsmøtet til å skape ein føreseieleg



planprosess som ein er samd om, og endre eksisterande reguleringsplanar utan å måtte gjennomføre ei full planbehandling. Desse forenklingane gjer at kommunane kan vere meir fleksible når dei skal finne gode planløyningar.

Planlegginga til fylkeskommunane og kommunane påverkar kostnadene til offentlege og private prosjekt. Når ein veg ulike omsyn mot kvarandre i planlegginga, må ein leggje vekt på kostnadseffektivitet i den samla vurderinga. Det gir betre rammevilkår for privat næringsliv og bidreg til å sikre berekraftige offentlege finansar.

Regjeringa legg vekt på at det blir lagt til rette for at innbyggjarar, fritidsbustadeigarar, organisasjonar og institusjonar, frivillig sektor og næringslivet kan delta i planprosessane. Det kan skje ved å gjere planprosessane tilgjengelege og forstålege, og ved å leggje spesielt til rette for barn og unge og andre grupper som ikkje er i stand til å delta direkte. Det er viktig å sikre at samiske interesser får delta i planprosessar som rører ved dei. Tidleg og god involvering sikrar at vi får synleggjort relevant kunnskap og viktige interesser. Det vil gi eit betre grunnlag for interesseavveging og styrkje planlegginga som demokratisk arena. Det vil også medverke til å redusere konfliktnivået og heve kvaliteten på planane.

Gode planprosessar reduserer behovet for motsegner. Tidleg involvering av fylkesmannen, andre statlege myndigheiter, fylkeskommunen og Sametinget er viktig for å avklare nasjonale og vesentlege regionale interesser. Det vil også medverke til å få fram informasjon om kritiske samfunnsfunksjonar, viktig infrastruktur og andre vesentlege forhold. Det er eit mål at eventuelle konflikthar blir løyste så tidleg som mogleg i planprosessane.

Regjeringa har styrkt regionalt planforum ved å gjere det obligatorisk i alle fylke. Forumet er ein viktig arena for å klargjere og samordne interesser i regionale og kommunale planar. Det er derfor viktig at kommunane bruker planforum aktivt, og at statlege og regionale myndigheiter deltek aktivt.

Regjeringa er oppteken av at motsegnsmyndigheitene legg vekt på omsynet til lokaldemokratiet. Det skal berre fremjast motsegn når det er nødvendig for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser, der tidleg dialog og interesseavveging ikkje har ført fram. Eventuelle motsegner skal vere konkret grunngitte og fremjast innan fristen. Regjeringa har gitt fylkesmennene ansvar for å samordne og eventuelt avskjere statlege motsegner til kommunale planar. Samordninga skal gi betre planar gjennom god dialog mellom statlege etatar, medverke til færre motsegner og medverke til at dei blir løyste tidleg i prosessane.

1.4 God gjennomføring av arealplanar

Effektiv og gjennomføringsretta planlegging blir sikra ved at avgjerdene blir tekne på rett plannivå, med ein detaljgrad som er tilpassa behovet. Reguleringsplanar som følgjer opp arealdelen til kommuneplanen, sikrar heilskapleg og langsiktig utbygging og gir nødvendige rammer for gjennomføringa. Konsekvensutgreiingar og risiko- og sårbarheitsanalysar er viktige verktøy for planprosess og val av løysingar. Eit godt planprogram sikrar at utgreiingane og opplegget for medverknad er tilpassa behov og plannivå.

Aktive kommunar som samarbeider godt med utbyggjarar, vil medverke til å sikre effektiv saksgang og god kvalitet på private planforslag. Kommunen gjennomfører vedtekne planar best ved å leggje til rette for eit godt samarbeid med utbyggjarar om utbyggingsavtalar og finansiering av felles infrastruktur. Det er særleg viktig i komplekse fortettings- og transformasjonsprosjekt. Kommunane har ansvar for å setje av tilstrekkelege ressursar til planbehandlinga og leggje til rette for føreseielege prosessar som følgjer opp kommuneplanen. Samtidig behandling

av reguleringsplanforslag og søknad om rammeløyve kan forkorte den samla tidsbruken for utbyggingsprosjekt.

For å sikre effektiv gjennomføring av nasjonalt viktige prosjekt har regjeringa auka bruken av statleg arealplan. For å få gode prosessar og auke samfunnsnyttan i prosjekta er det viktig at fylkeskommunar og kommunar er tydelege om

behov og prioriteringar tidleg i planlegginga. Det gir grunnlag for å vege ulike behov og interesser mot kvarandre når staten fastset dei endelege samfunnsmåla. Det er viktig at kommunar med slike store prosjekt avklarar langsiktig arealstrategi og om nødvendig reviderer arealplanane sine. I arbeidet med konseptvalutgreiingar for store statlege investeringar skal fylkeskommunen og lokale aktørar involverast i arbeidet med å fastsetje samfunns mål.

1.5 Auka bruk av digitale verktøy i planlegginga

Digitalisering av kunnskapsgrunnlag, plan- og byggesaksprosessar og eigedomstransaksjonar bidreg til å auke produktiviteten i privat og offentlig sektor. Betre digitale planregister gjer planinformasjon lettare tilgjengeleg. Det er behov for å auke datakvaliteten og sikre betre sjølvbeteningsløysingar til offentlege data, planregister, matrikkel og andre felles register.

Det er ønskjeleg å auke bruken av digitale verktøy for å bidra til betre og meir effektive planprosessar, planframstilling og arealforvaltning. I dette arbeidet er det viktig å ta i bruk felles teknisk infrastruktur og kunnskapsgrunnlag. Det føreset at involverte partar har nødvendig kompetanse, tilgang til oppdatert programvare og bidreg til deling og utveksling av data.

Digitalisering og digitale verktøy kan gjere planprosessane betre og meir effektive. Bruk av digitale løysingar for dialog med innbyggjarane kan auke forståinga deira for planprosessane og gi betre medverknad. Enkel tilgang til matrikkelen og digitale plan- og temadata er ein føresetnad for digital plan- og byggesaksbehandling.

Statens kartverk legg til rette for betre tilgang til plan- og temadata gjennom samarbeid med fylkeskommunar, kommunar og andre statlege etatar om det offentlege kartgrunnlaget (DOK), slik at det i større grad kan takast i bruk som verktøy i planlegginga. Omfanget av og kvaliteten på DOK blir stadig utvikla. Det er nødvendig at fylkeskommunar og kommunar sørgjer for at eigne data blir haldne oppdaterte og gjorde tilgjengelege.





REGJERINGAS FORVENTNINGAR

- Fylkeskommunane og kommunane legg FNs berekraftmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga.
- Regionale planar og samfunnsdelen i kommuneplanen skal brukast for å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga og for å gjere planlegginga meir føreseieleg. Planane skal følgjast opp i økonomiplanlegginga.
- Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på kostnadseffektivitet for private og offentlege aktørar på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå i planlegginga.
- Kommunane nyttar dei verkemidla som plan- og bygningslova har for å effektivisere og forenkle planlegginga. Kommunane tilpassar detaljgraden i planar og utgreiingar til behovet.
- Kommunane bidreg til å sikre effektiv og rask behandling av private reguleringsplanforslag og til god plankvalitet ved å gi tidlege, tydelege og relevante krav til utgreiingar og dokumentasjon.
- Det skal berre fremjast motsegn når det er nødvendig for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser, der tidleg dialog og interesseavveging ikkje har ført fram.
- Kommunane legg vekt på den private eigedomsretten i planlegginga.
- Fylkeskommunane formulerer klare behov og prioriteringar som innspel til konseptvalutgreiing for store statlege samferdselstiltak. Fylkeskommunar og kommunar legg vedtekne statlege planar til grunn for eiga planlegging.
- Fylkeskommunane og kommunane tek i bruk digitale dialogløyisingar og legg til rette for enkel tilgang til plandata i digitalt planregister og til temadata i det offentlege kartgrunnlaget.
- Kommunane tek i bruk digitale verktøy basert på eByggesak-standard, for å sikre ei meir effektiv og fulldigital saksbehandling av byggjesøknader.
- Fylkeskommunane vurderer bruk av gjensidig forpliktande avtalar for å styrkje oppfølginga av dei regionale planane.
- Kommunane utarbeider arealstrategiar som del av samfunnsdelen til kommuneplanen, og legg desse til grunn ved revisjon av arealdelen til kommuneplanen.
- Kommunane prioriterer arbeidet med planstrategi for å sikre at planane er oppdaterte og møter framtidens behov, også i samband med kommunesamanslåingar.
- Fylkeskommunane og kommunane bruker planlegginga til å sjå oppgåver som dei får tilført gjennom kommune- og regionreforma i samband med andre samfunnsoppgåver.
- Kommunar som ikkje har slått seg saman, bruker planlegginga til å diskutere om dei har føresetnader for å møte utfordringane i framtida aleine, eller om dei bør slå seg saman med nabokommunar.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for å styrkje samiske språk, samisk kultur og samisk næringsgrunnlag i planlegginga, når det er relevant.
- Fylkeskommunane og kommunane baserer samfunns- og arealplanlegginga på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og har tilgang til nødvendig plankompetanse.
- Fylkeskommunane styrkjer regionalt planforum som samordningsarena. Kommunane, fylkesmannen, andre statlege myndigheiter og Sametinget bruker forumet aktivt til å gi tydelege signal tidleg om kva som er nasjonale eller regionalt viktige omsyn i dei enkelte sakene.



02



Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet

Eit berekraftig velferdssamfunn er avhengig av at det blir skapt verdiar og arbeidsplassar i heile landet. Gode rammevilkår for eit mangfaldig og konkurransedyktig næringsliv er heilt sentralt. Planlegging er eit avgjerande verkemiddel for å leggje til rette for vekst i lokal næringsaktivitet og arbeidsplassar. Fylkeskommunane og kommunane stimulerer til omstilling, vekst og nye arbeidsplassar ved å gi langsiktige og føreseielege rammer for arealbruk mellom anna til næringsverksemd, stimulere til innovasjon og medverke til arbeidskraft med relevant kompetanse. Regjeringa legg vekt på at det blir lagt til rette for vekst i sysselsetjing og produksjon i grønt og berekraftig næringsliv.

Klimagassutsleppa skal reduserast i samsvar med nasjonale og internasjonale mål. Ei meir samordna areal- og transportplanlegging kan vere eit effektivt verkemiddel for å redusere utslepp frå transport, bygg og energi, og leggje grunnlag for auka opptak frå skog og andre landareal. Klimatilpassing er ei stor utfordring for samfunnsplanlegginga framover. Vi ser oftare ekstreme naturhendingar i form av

styrtregn, flaum og skred. Det gir store utfordringar for infrastruktur og busetnad, og for ny utbygging.

Evna til nyskaping og omstilling varierer mykje mellom fylka, men også innanfor dei enkelte fylka. Det kjem mellom anna av næringsstrukturen, korleis bedrifter samarbeider, og storleiken på bustad- og arbeidsmarknadene. Noreg har i dag mange sterke eksportbedrifter, særleg innanfor ressursbaserte næringar, industri, maritime næringar, reiseliv og enkelte kunnskapsintensive næringar. Fiskeri og havbruk er viktige næringar langs kysten. Kunnskapsintensive tenester som finans og IKT veks og er konsentrerte til storbyregionar, særleg i hovudstadsregionen.

Fjell-, utmarks- og sjøområde er viktige ressursar for berekraftig næringsutvikling. Havbruk, mineralnæring, turisme og landbrukstilknytt næringsliv er eksempel på dette. Målet er å få til ei meir kunnskapsbasert og heilskapleg forvaltning av areala og større føreseielegheit. Det er behov for betre planavklaringar og samordning mellom myndigheiter og lovverk slik at det kan leggjast til rette for bere-



Foto: NVE/Svein Arne Vågane

kraftig vekst. Det gjeld også for dei spreiddbygde områda i landet. Endringar i arealbruk er i dag den viktigaste påverknadsfaktoren for naturmangfaldet

på land og for viktige kulturhistoriske verdier. Mange inngrep som kvar for seg verkar små, kan i sum ha stor negativ verknad.

2.1 Næringsutvikling gir grunnlag for velferd

Fylkeskommunar og kommunar har eit viktig ansvar for å mobilisere for ein felles innsats for omstilling, vekst og utvikling. Innbyggjarar, næringsaktørar, kommunar, kunnskapsmiljø, institusjonar og organisasjonar er viktige medspelarar i dette. Langsiktige og føreseielege rammer for arealbruk på tvers av kommunegrenser er ein føresetnad for at potensialet for vekst og utvikling i regionen blir utnytta. Regjeringa er oppteken av gode rammevilkår for gründerar og små og mellomstore bedrifter, slik at det blir lettare og tryggare å skape nye arbeidsplassar. Gjennom planlegginga legg fylkeskommunane til rette for rammevilkår som er viktige for næringslivet, som tilstrekkeleg areal, transport, forskning, utdanning og kompetanse.

Regjeringa vil leggje til rette for å auke verdiskaping og innovasjon basert på regionale og lokale ressursar i heile landet. Det er derfor viktig at fylkeskommunane og kommunane legg til rette for at næringsaktørar, interesseorganisasjonar og sektormyndigheiter deltek aktivt i planprosessane,

og at dei legg til rette for å auke samarbeidet mellom næringsliv og kunnskapsmiljø på område der regionen har fortrinn. Metoden «Smart spesialisering» og samarbeid med bedrifter og forskingsinstitusjonar kan leggjast til grunn for dette arbeidet.

Regjeringa vil stimulere til å utvikle levande lokalsamfunn i heile landet, gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar. Regionreforma styrkjer fylkeskommunane som næringspolitisk aktør. Oppgåver blir overførte for å gi ei tydelegare arbeidsdeling mellom stat og fylkeskommune. Fylkeskommunane har ansvar for verkemiddel for å mobilisere og utvikle bedrifter og næringsmiljø. Staten har ansvar for ordningar som krev eit nasjonalt perspektiv og nasjonale konkurransearenaer, og som sikrar kunnskapsdeling og samarbeid på tvers av bransjar og i heile landet.

Med regionreforma får fylkeskommunen eit større ansvar for å sikre at innbyggjarane har den

kompetansen samfunnet og næringslivet spør etter. Det føreset koordinering og involvering av kommunane, fylkesmannen, utdannings-, arbeidsmarknads- og næringsaktørane på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Fylkeskommunane

får også eit større ansvar på integreringsfeltet, inkludert å følgje opp behova flyktingar og innvandrarak har for opplæring som møter regionale behov for arbeidskraft.

2.2 Eit samfunn med låge utslepp, som er trygt og tilpassa klimaendringane

For å sikre livsgrunnlaget og naturmangfaldet for framtidige generasjonar må samfunnet omstillast til eit lågutsleppssamfunn og tilpassast eit endra klima. Fylkeskommunar og kommunar har ei sentral rolle i dette arbeidet. Det krev større merksemd og meir effektiv og målretta areal- og samfunnsplanlegging enn tidlegare.

Regjeringa har som mål å redusere ikkje-kvotepliktige klimagassutslepp med minst 45 prosent innan 2030 samanlikna med 2005-nivå og at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Dette er ambisiøse mål. Trass økonomisk vekst og høg befolkningsvekst har det samla energiforbruket i Noreg vore relativt stabilt dei siste åra, og utsleppa av klimagassar går ned. Gjennom ein heilskapleg energipolitikk vil regjeringa medverke til forsyningsikkerheit, næringsutvikling og meir effektiv og klimavennleg energibruk. Regjeringa har utarbeidd nye krav som skal gi meir energieffektive og klimavennlege bygg.

Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å redusere utslepp av klimagassar og energiforbruk. Avgjerder om lokalisering, byggjemåte og utforming av bygg, infrastruktur og tenester kan påverke utslepp og energiforbruk i lang tid framover. Derfor må vi alt no ta omsyn til målet om eit lågutsleppssamfunn i 2050. Omdisponering av skog og myr til andre føremål bidreg til klimagassutslepp og negative konsekvensar for naturmangfald og økosystemtenester. Omdisponering av jordbruksareal kan auke presset på nydyrking av karbonrike areal som skog og myr. Effektiv arealbruk og god samordning med transportsystem er viktig for å møte overgangen til lågutsleppssamfunnet. Regjeringa legg vekt

på fortetting, transformasjon og gjenbruk av eksisterande bygningsmasse.

Sjølv om verda klarer å redusere utsleppa, kjem klimaendringane til å påverke natur og samfunn, både på kort og på lengre sikt. Endringar i klimaet påverkar kritisk infrastruktur, næringsliv, natur- og kulturmiljø og helsa til befolkninga. Det gir nye utfordringar for planlegginga og eit nytt risiko- og sårbarheitsbilete. Det er viktig at fylkeskommunar og kommunar bruker oppdatert kunnskap om forventa klimaendringar og konsekvensane av desse i planlegginga. Lokal kunnskap utfyller nasjonale og regionale data. Når konsekvensane av klimaendringane blir vurderte i planprosessane, meiner regjeringa at høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar skal leggast til grunn for arbeidet med klimatilpassing. Dette er nærmare forklart i rettleiarar og i dei fylkesvise klimaprofilane. Det er viktig å ta i bruk oppdatert kunnskap om kva betydning økosystema har for klimatilpassing, for eksempel i planlegginga av flaum- og tørkedempande tiltak. Natur som våtmarker, myrar, elvebreidder og skog kan dempe effektane av klimaendringar, og er viktig å sikre i arealplanlegginga.

Kunnskap om kor sårbart samfunnet er, må brukast til å setje mål for ei klimatilpassa og trygg samfunnsutvikling. Det skal gjerast både gjennom beredskapsplanlegging etter sivilbeskyttingslova og i samfunns- og arealplanlegginga. Det er viktig at arealplanar byggjer på eit kunnskapsgrunnlag som avklarar all risiko og sårbarheit, inkludert naturfarar og klimaendringar, verksemdsrisiko og konsekvensar for sviikt i viktige samfunnsfunksjonar.

2.3 Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar

Noreg har store natur-, friluftslivs-, landskaps- og kulturminneverdiar som det er viktig å ta vare på, i tråd med nasjonale og internasjonale mål. Langsiktig planlegging sikrar verdiane, og legg til rette for berekraftig utvikling av reiseliv og anna ressursbasert næringsliv.

Arealendringar er den viktigaste påverknadsfaktoren for truga natur i Noreg i dag. Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar vurderer verknadene for naturmangfaldet ut frå den samla belastninga. Det omfattar også å leggje vekt på økologiske og landskapsmessige samanhengar på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Å bevare leveområda for ville, pollinerande insekt er viktig for økosystema og for pollineringa av landbruksvekstar. Regjeringa legg stor vekt på å ta vare på truga natur og å sikre at økosystema er i ein god tilstand. Kommunane har eit særleg stort ansvar for å medverke til dette i planlegginga, mellom anna ved å sikre utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova.

Større, samanhengande natur- og friluftsområde i fjell og utmark og overordna grønstruktur er avhengige av ei langsiktig sikring og forvaltning. Regionale og interkommunale planar kan vere nyttige verktøy i dette. Noreg har eit særskilt ansvar for å ta vare på villreinen som ein nasjonal ansvarsart og dessutan leveområda til villreinen. Det skjer mellom anna gjennom regionale planar for fjellområde med villrein og i anna kommunal og regional planlegging.

Vassdraga er ein vesentleg del av norsk natur og viktige for helse, livskvalitet og næringsverksemd. Større press på vassdrag og vassdragsnære område frå forureining og inngrep stiller store krav til planlegginga. Regjeringa legg vekt på at regionale og kommunale planar tek omsyn til bruks- og verneverdien til vassdraga, og risikoen for flaum, erosjon og skred.

Regionale vassforvaltningsplanar etter vassforskrifta skal medverke til å oppnå og deretter oppretthalde god miljøtilstand i vassdraga.

Regjeringa understrekar at god samordning mellom aktuelle fylkeskommunar, kommunar og sektormyndigheiter er viktig for gode regionale planar. Kommunane bidreg til gode miljøforhold i og langs vassdraga gjennom tiltak og god arealforvaltning. Det er gitt nasjonale føringar for korleis dei regionale vassforvaltningsplanane skal oppdaterast. Utvalde fylkeskommunar har ansvaret for å organisere dette arbeidet, og kommunen er ein sentral aktør og myndigheit i denne prosessen.

Det er viktig å beskytte vassførekomstar som blir nytta til vassforsyning, mot forureining. Slik kan vi unngå brukarkonfliktar, og vi sikrar at befolkninga har tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatt. Å sikre drikkevasskjelder og areal til infrastruktur for vatn og avløp er ein viktig del av kommunale planar.

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare fellesgode som kan gi grunnlag for økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig utvikling. Gjenbruk av den historiske bygningsmassen kan også gi betydelege klimagevinstar. Arealendringar og endra bruk er nokre av dei viktigaste påverknadsfaktorane for kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk.

Det er viktig for regjeringa å sjå utviklinga av bustad-, fritidsbustad- og næringsområde i kystsona i samheng med natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. I 100-metersbeltet langs sjø er det eit generelt byggjeforbod som gjeld med mindre kommunane fastset ei anna byggjegrænse i planane. Kommunane fastset sjølv byggjegrænser langs vassdrag i planane sine.

Fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i å oppfylle verdsarvkonvensjonen. Dei norske verdsarvområda skal vere gode eksempel på heilskapleg natur- og kulturminneforvaltning.



2.4 Ressursbasert næringsutvikling

Det ressursbaserte næringslivet er i vekst og gir vesentlege bidrag til den nasjonale verdiskapinga.

Fiskeri og havbruk

Noreg skal vere ein leiande havnasjon, og havbasert verdiskaping er viktig for sysselsetjing langs heile kysten. Potensialet for ytterlegare vekst er stort, og regjeringa ønskjer å medverke til å realisere dette. Samtidig er kystnære sjøområde viktige for mange og til dels motstridande interesser. Det gjeld næringsverksemd, transport, førebyggings- og beredskapstiltak, forsvar, rekreasjon, friluftsliv, naturmiljø, landskap og kulturminne. Bruken av sjøareala har auka, og det er behov for betre arealplanar med eit regionalt og interkommunalt perspektiv. Regjeringa legg vekt på at det skjer ei samordning mellom myndigheiter og lovverk gjennom planarbeidet. Ny kunnskap og digitale verktøy gir fylkeskommunar og kommunar eit betre grunnlag for planlegginga.

Regjeringa vil leggje til rette for meir verdiskaping og fleire arbeidsplassar basert på ressursane i havet, og for føreseieleg og berekraftig vekst i oppdrettsnæringa. Regjeringa prioriterer også arbeidet for reint hav og ei lønnsam utvikling av havbruksnæringa. Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å sikre det langsiktige arealbehovet til fiskeri- og havbruksnæringane, samtidig som andre samfunns- og miljøinteresser blir varetekne.

Dei samiske interessene skal sikrast i planlegginga av sjøsamiske område. Det er viktig at fylkeskommunar og kommunar samarbeider med næringslivet og dei statlege myndigheitene for å finne berekraftige løysingar og god samordning mellom plan- og bygningslova og sektorlover. Areal for ulike typar akvakultur, inkludert mobile anlegg, skal avklarast gjennom regionale og kommunale planar. Det er her viktig å ta omsyn til utviklinga av ny teknologi og nye typar havbruksinstallasjonar, også havbruk utanfor kysten. Det kan føre til at nye område kan takast i bruk.

Landbruk

Landbruket og utmarksressursane er viktige for mat- og planteproduksjon, busetjing og kulturlandskap, og gir grunnlag for nye, grønne næringar. Stortinget har vedteke eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal vere under 4000 dekar innan 2020 i samsvar med den oppdaterte jordvernstrategien. Samtidig skal verdiskapinga i jord- og skogbruket aukast. Skogen kan gi positive klimagevinstar gjennom opptak av CO₂ og binding av karbon gjennom bruk av tre, og det ligg eit stort potensial for verdiskaping i skog- og trenæringa. Det er også eit mål å auke etterspurnaden etter grønne, trebaserte produkt og å leggje til rette for nye, grønne næringar i tilknytning til jordbruk og skogbruk.

Regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunar og kommunar i planane sine vurderer utbyggingsløyningar som sikrar næringsgrunnlaget til landbruket og reduserer omdisponeringa av dyrka mark. Planane bør trekkje langsiktige grenser mellom by- og tettstodområde og store, samanhengande lanbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder.

Reindrift

Det er viktig å sikre naturgrunnlaget for samisk kultur og språk, næringsutvikling og samfunnsliv. Reindrifta er ei arealavhengig næring og mange stader ein føresetnad for utvikling av samisk språk og kultur. Oppgåva for planlegginga vil vere å avvege omsynet til reindrifta mot andre samfunnsinteresser. Ein må sjå på summen av eksisterande og planlagde nye tiltak i området og konsekvensane for reindrifta. Ved endringar i arealbruk er det viktig å vege reindriftsinteressene opp mot andre samfunnsinteresser, og prøve å komme fram til løyningar som avgrensar den varige reduksjonen av areal og auka forstyrningar for reindrifta. Reindriftsareala går på tvers av kommune- og fylkesgrenser, og regionale eller interkommunale planar kan derfor vere eigna for å avklare areala til reindrifta.

Reiseliv og fritidsbustader

Fjell- og utmarksområda i Noreg er ressursrike og viktige produksjonsområde for landbruk, reindrift, energiproduksjon, reiseliv og mineralutvinning. Dei er leveområde for dyr og planter, utgjer eit mangfald av unike landskap, og er attraktive for friluftsliv, fritidsbustader og natur- og kulturarvsbasert reiseliv. Det er eit mål for regjeringa å styrkje verdiskapinga basert på landskaps-, natur- og kulturminneverdiar samtidig som vi sikrar ressursane for framtidige generasjonar.

Vekst i reiseliv og meir bruk av fritidsbustader gir grunnlag for lokal vekst og arbeidsplassar, med utvikling av infrastruktur og tenestetilbod som også er til nytte for fastbuande. Fritidsbustader og turistmål med stor besøksfrekvens inneber

samtidig utbygging, transport, ferdsel og slitasje i natur- og friluftsområde. Det er viktig å ta slike forhold inn i planlegginga og leggje til rette for større aktivitet innanfor berekraftige rammer.

Fortetting av eksisterande fritidsbustadområde betyr mindre press på natur- og friluftsområda. Regjeringa legg vekt på at utbygginga skjer på ein måte som sikrar kvalitet i områda. Av omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald er det viktig å unngå etablering av nye hytteområde over skoggrensa. Samanhengande grønstrukturar og god landskaps- og terrengtilpassing av infrastruktur og busetnad er viktig. Det er også viktig å bevare større, samanhengande område utan hytter i fjellområde med stort press på areala. Regional eller interkommunal planlegging kan avklare utbyggingspotensial og strategiar på tvers av kommunegrenser. Det er viktig å vurdere langsiktige utbyggingsgrenser mot snaufjell og andre viktige landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde.

Mineralressursar

Noreg har viktige mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre at mineralførekomstar som kan vere aktuelle framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn. Mineraluttak har lang tidshorisont, og det er behov for meir føreseielege rammer for investeringar, uttak og opprydding.

Uttak av byggjeråstoff (pukk, grus, sand) til byggje- og anleggsmål med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp er viktig. God arealplanlegging kan medverke til det. I tillegg er det viktig å gjenvinne mineralske massar av god kvalitet som byggjeråstoff, der det er mogleg. Det kan redusere presset på bynære grus- og pukkressursar og behovet for massetransport. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere eit nyttig verkemiddel for å avklare dette.

REGJERINGAS FORVENTNINGAR

- Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging. Oppdatert kunnskap om forventa klimaendringar og konsekvensar skal brukast i planlegginga.
- Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på klimatilpassing og samfunnssikkerheit i planlegginga, og legg dei høge alternativa frå nasjonale klimaframskrivingar til grunn for arbeidet. Risiko- og sårbarheitsanalysar ligg til grunn for plan- og byggjesaksbehandlinga.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for verdiskaping og næringsutvikling i alle delar av landet og mobiliserer og utviklar bedrifter og næringsmiljø til å hevde seg nasjonalt og internasjonalt.
- Fylkeskommunane og kommunane stimulerer til grøn omstilling, innovasjon, vekst i nye arbeidsplassar og eit inkluderande arbeidsliv og set av tilstrekkelege areal som sikrar behova til samfunnet.
- Fylkeskommunane tek ansvar for den regionale kompetansepolitikken og legg til rette for god tilgang på kompetent og relevant arbeidskraft, mellom anna gjennom oppdaterte regionale planar.
- Fylkeskommunane tek hand om behova flyktningar og innvandrarakar har for opplæring som møter det regionale behovet for arbeidskraft.
- Fylkeskommunane og kommunane identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdier, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Samla verknader blir tekne omsyn til.
- Fylkeskommunane og kommunane vurderer arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tek særlege omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.
- Fylkeskommunane og kommunane utviklar dei norske verdsarvområda som fyrstårn for den beste praksisen innanfor natur- og kulturminneforvaltninga gjennom arealplanlegginga.
- Fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til og beskyttar drikkevasskjelder i planlegginga, slik at ein reduserer behovet for reinsing ved produksjon av drikkevatt.
- Fylkeskommunane og kommunane set av tilstrekkeleg areal til ønskt vekst i oppdretts- og havbruksnæringa gjennom oppdaterte planar, som også sikrar miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Strategiar for utvikling av havbruk utanfor kysten inngår i planane.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for meir verdiskaping og nye grønne næringar innanfor jord- og skogbruk.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige jordbruksområde og kulturlandskap i landbruket gjennom langsiktige utbyggingsgrenser. Utbyggingsløyser som kan redusere nedbygging av dyrka mark, skal vurderast i samsvar med det nasjonale jordvernmålet.
- Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på å bevare naturgrunnlaget for samisk kultur og næringsutvikling. Planlegginga sikrar areala til reindrifta samtidig som ein veg omsynet til reindrifta opp mot andre samfunnsinteresser.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for ei berekraftig utvikling i fjell og utmark og har særleg merksemda retta mot område med stort utbyggingspress. Dette skjer mellom anna ved å fastsetje langsiktige utbyggingsgrenser.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for gode leveområde for ville, pollinerande insekt gjennom planlegginga og drifta av areal.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige mineralførekomstar i planane sine og veg utvinning opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Tilgangen til, og lagringa av, byggjeråstoff må sjåast i eit regionalt perspektiv.



 byferga

03



Berekraftig areal- og transportutvikling

Regjeringa vil halde fram med å byggje ut samferdselsnettet i heile Noreg. Eit godt transportsystem er avgjerande for eit moderne samfunn og ein viktig del av utbyggingsmønsteret og byutviklinga. Det er viktig at transportplanlegginga er samordna med by- og arealplanlegginga elles. Regjeringa vil utvikle eit transportsystem som er

betre framkommeleg og reduserer reisetida for personar og gods i heile landet, som reduserer transportulykkene i tråd med nullvisjonen og reduserer klimagassutsleppa og andre negative miljøkonsekvensar. Det blir arbeidd for å oppnå balanse mellom desse tre transportpolitiske måla.

3.1 Styrkt knutepunktsutvikling

Av omsyn til arealeffektivitet, reduserte klimagassutslepp og byspreiing, meiner regjeringa at det er viktig å leggje til rette for utbygging rundt kollektivknutepunkt i byar og tettstadar. Det vil også kunne styrkje grunnlaget for levande byar, meir kollektivtransport, sykling og gange. Regjeringa har som mål at kollektivtrafikken skal vere fossilfri innan 2025. Fylkeskommunar og kommunar har ei sentral rolle i arbeidet med å nå målet, som ansvarlege for innkjøp av kollektivtransporttenester som bussar, ferjer og hurtigbåtar. Gjennom planlegginga kan det leggjast gode rammer for ei betre folkehelse med meir aktivitet for alle grupper i befolkninga. Kommunane kan hjelpe til ved å gjere det mogleg for befolkninga å sykle og gå meir i dagleglivet med utgangspunkt i kollektivknutepunkta. Barn og unge

sitt behov for trygg ferdsel og fysisk aktivitet er viktig ved val av transportløyningar. Særleg er dei mindre, lokale tiltaka som gang- og sykkelveggar, utforming av haldeplassar og stasjonar og nærleik til leike- og rekreasjonsareal viktige for kva moglegheiter barn har til å bevege seg trygt i nærmiljøet.

Regjeringa meiner det er viktig å lokalisere hovudtyngda av handelsverksemd, bustadbygging og arbeidsplass- og besøksintensive verksemdar innanfor tettstader som er definerte og avgrensa gjennom kommunal planlegging. Det vil kunne medverke til å utvikle levedyktige by- og tettstadsenter og lokalsamfunn og styrkje knutepunkta på kollektivaksane.

Det er viktig at ein i dei enkelte tilfella vurderer å leggje til rette for fortetting og transformasjon før nye utbyggingsområde blir tekne i bruk, slik at

jordbruksareal og viktige natur- og friluftsområde ikkje blir omdisponerte når det finst alternativ.

3.2 Meir vekt på regionale løysingar

Regjeringa understrekar at regionale og interkommunale samfunns- og arealplanar er viktige for å avklare spørsmål som går på tvers av kommunegrenser. Planane kan sikre at tilstrekkeleg areal blir sett av til bustadbygging, medverke til sosialt berekraftige samfunn, og motverke eit utbyggingsmønster som gir press på verdifulle areal. Planane kan brukast for å avklare knutepunkt for kollektivtrafikken og framtidige vekstområde, og trekkje langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og landbruks-, natur- og friluftsområde.

Arealbehovet til viktige, plasskrevjande samfunnsfunksjonar, som Forsvaret, sivil luftfart og avfallshandtering, er ein integrert del av areal- og transportplanlegginga. Forsvaret går gjennom ei omfattande omstilling. Arealbehovet for skyte- og øvingsfelt og basar er under press, og det er derfor i gang eit arbeid for å sikre rammevilkåra for den samfunnsnyttige verksemda til Forsvaret, inkludert nødvendige omsynssoner.

Fylkeskommunane har ansvar for viktig veginfrastruktur og for kollektivtransport på land og sjø, både i sentrale område og i distrikta. Det regionale transportsystemet utfyller nasjonal infrastruktur og er viktig for næringsutvikling, busetjing og sosialt berekraftige samfunn i ulike delar av fylket.

By- og omlandskommunar har, saman med fylkeskommunane, ei viktig oppgåve med å vidareutvikle og styrkje samarbeidet om transport på tvers av administrative grenser der det medverkar til effektiv ressursbruk. Det er

viktig at utfordringar og moglegheiter for nye samfunnsløysingar som byvekst, urbanisering og framvekst av byregionar er tema i den regionale og kommunale planlegginga.

Tilgang til effektiv transport og infrastruktur har noko å seie for næringsutvikling og omstillingsevne. Infrastruktur mellom ulike godsknutepunkt er avgjerande for marknadstilgangen innanfor fleire næringar. Det er viktig å utvikle infrastrukturen og transporttilbodet også for å styrkje samspelet mellom næringsaktivitetar i funksjonelle byregionar og for å kunne utvide bu- og arbeidsmarknadene vidare.

Det er eit nasjonalt mål at ein større del av godstransporten skjer på sjø og jernbane. Det er viktig å avklare i planar eigna areal til effektive logistikknutepunkt som godsterminalar og hamner, gjennom samarbeid mellom kommunar og statlege fagmyndigheiter. Farleier for skipstrafikken er ein del av desse avklaringane. Verksemdar som skaper tungtransport, har behov for god tilgang til jernbane, hamner og/eller hovudvegnett.

Ved å redusere reisetider, mellom anna gjennom tiltak på vegnettet, får vi større fleksibilitet for arbeidstakarane og betre moglegheiter for verksemdene til å skaffe relevant kompetanse. Tilgang til mobilnett og breiband med høg kapasitet er eit nasjonalt mål og eit viktig rammevilkår for næringsliv og arbeidsliv i heile landet. Den vidare utbygginga av IKT-infrastrukturen må sjåast i samheng med arealplanlegging, busetjing, næringsutvikling og bruk av ulike digitale løysingar. Det vil leggje til rette for meir verdiskaping.



Foto: Jan Hausken

REGJERINGAS FORVENTNINGAR

- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for vekst og utvikling i kompakte og klart avgrensa byområde gjennom regionale bustad-, areal- og transportplanar. Planane fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekk i transportsystemet.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for vidare utbygging av eit godt samferdselsnett i heile landet.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for å sikre arealbehovet til Forsvaret når det er nødvendig for å sikre forsvarsevna til landet og for å følgje nasjonale forsvarsplanar.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for høg arealutnytting i byområde gjennom fortetting og transformasjon med kvalitet i omgivnadene, med vekt på arkitektur, byrom, kulturmiljø, grønstruktur og andre miljøverdier. Lokalisering av bustader, service, handel og andre arbeidsplass- og besøksintensive verksemdar må vurderast i samanheng med eksisterande eller framtidige kollektivknutepunkt.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for sykling og gange i byar og tettstader, mellom anna gjennom trygge skoleveggar, ved å planleggje for gange og sykling frå kollektivknutepunkt og ut til friluftslivsområde og for transportløyningar for grupper som er mindre mobile.
- By- og omlandskommunar, saman med fylkeskommunane, vidareutviklar samarbeidet om transport på tvers av administrative grenser der det medverkar til effektiv ressursbruk, næringsutvikling, busetjing og sosial berekraft i ulike delar av fylket.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for kostnadseffektiv framføring av mobil- og breibandsnett gjennom bruk av eksisterande føringsveggar.



04



Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

82 prosent av befolkninga bur no i byar og tettstader, og talet aukar. Spesielt nabokommunane til dei store byane har stor vekst. Norske byar har, i internasjonal samanheng, låg tettleik i både folketal og arbeidsplassar. Men tettleiken aukar ved at byutvikling og bustadbygging i større grad skjer gjennom fortetting og transformasjon og i mindre grad gjennom bruk av omkringliggjande areal.

Byar i vekst treng heilskaplege grep for å bli funksjonelle og berekraftige og for å få til eit meir integrert samarbeid om areal

og transport. I storbyane er det eit mål at veksten i persontransporten skal skje med kollektivtransport, sykkel og gange. Attraktive byar med levande bymiljø kombinerer større tettleik med effektive transportløyser og høg livskvalitet. Utfordringa ligg i å auke tettleiken samtidig som ein forsterkar trivselen og tilhøyrsla til innbyggjarane. Utgreingar viser at tettleik stimulerer til innovasjon, spreiding av kunnskap og tileigning av ferdigheiter, og dermed til økonomisk aktivitet. Dei viser også at det er nødvendig å sjå fortetting i samanheng med sosial berekraft.

4.1 Opne og inkluderande

Regjeringa er oppteken av at kommunane utviklar gode verkemiddel for å sikre at alle blir inkluderte i skole, arbeids- og samfunnsliv. God inkludering på sentrale livsarenaer bidreg til å oppretthalde eit samfunn med små forskjellar, høg tillit og god livskvalitet. Kulturlivet og andre former for fritidsaktivitetar er viktige arenaer for kvardagsintegrering og fellesskap basert på mangfald, likestilling, ytringsfridom og toleranse.

Det er viktig at kulturlivet blir utvikla sjølvstendig, og at offentlege styresmakter ikkje grip inn i kunstnariske val. Offentlege verkemiddel må leggje til rette for eit godt samspel mellom det profesjonelle og det frivillige kulturlivet. Regjeringa meiner det er viktig at kommunar og fylkeskommunar sørgjer for at alle har reell tilgang til kulturgoda, uavhengig av bakgrunn.

Det er om lag 1 million innbyggjarar over 60 år i Noreg. Dei har mange og ulike ressursar og vil bidra og vere aktive i samfunnet. Regjeringa meiner derfor det er viktig å skape eit aldersvennleg samfunn. Det betyr mellom anna å leggje vekt på transport, å planleggje lokalsamfunn, å styrkje det frivillige, å ha eit ope arbeidsliv og å skape trygge lokalsamfunn.

Vegen til å delta i utdanning og arbeidsliv går svært ofte gjennom frivillig verksemd og opplevingar gjennom felles aktivitetar i lokalmiljøet. Brei deltaking er eit middel for å sikre tillit, fellesskap, beredskap, likestilling, kompetanse og velferd i lokalsamfunnet. Det er viktig at kommunane legg til rette for dette.

4.2 Trygge og helsefremjande

Den regionale planlegginga har ei særskild oppgåve i å leggje til rette for at regionen som heilskap møter etterspurnaden etter bustader. Ein meir variert befolkningsstruktur er mogleg å få til gjennom at kommunane planlegg for god tilgang på bustadtomter som grunnlag for tilstrekkeleg og variert bustadbygging. Regjeringa understrekar at det er viktig å byggje sosial infrastruktur og offentlege tenestetilbod i tilknytning til kollektivknutepunkta. Gode skolar og barnehagar og eit godt kulturtilbod er ein føresetnad for eit godt bumiljø. Sosiale og helsemessige utfordringar knytte til fortetting kan løysast gjennom god planlegging. Derfor er det sentralt å ta folkehelse med i planlegginga av byane og tettstadene våre.

Gjennom god arkitektur og planlegging kan fylkeskommunane og kommunane vere med og utvikle gode lokalsamfunn og bustadområde, stimulere til fysisk aktivitet og eit meir helsefremjande miljø. I framtida treng vi byar og tettstader med både urbane og grønne kvalitetar, og med attraktive byrom, møteplassar og uteareal.

God overordna og heilskapleg planlegging vil kunne medverke til at utsette barn og unge får

Det er viktig at kommunane i planlegginga motverkar og førebyggjer opphoping av levekårsutfordringar, og arbeider aktivt med tiltak for å styrkje tenester og setje i verk nærmiljøtiltak i levekårsutsette område. I enkelte bydelar i nokre av dei større bykommunane har det likevel utvikla seg konsentrasjonar av innbyggjarar med til dels store og samansette levekårsproblem. Her krevst det at dei generelle velferdsordningane fungerer godt og møter utfordringane og blir samordna med innsats frå mange instansar og aktørar, både statlege, kommunale, private og frivillige, for å få gode resultat. Gjennom dei statlege områdesatsingane arbeider ein godt på tvers av sektorar for å forbetre tenester og nærmiljøkvalitetar der behova er størst.

eit heilskapleg tenestetilbod og hjelp på eit tidleg tidspunkt. Det er viktig at kommunane legg til rette for at alle som ønskjer det, skal kunne eige sin eigen bustad. Vanskelegstilte bør ha høve til å gå over frå å leige til å eige.

Regjeringa har i si melding «Leve hele livet» mellom anna streka under kor viktig det er at kommunar og fylkeskommunar planlegg for aldersvennelege samfunn, og at dei legg til rette for utvikling av framtidas bustadløyisingar for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Det blir lagt til grunn at fylkeskommunar og kommunar tar stilling til korleis dei kan utforme og gjennomføra løyisingane i «Leve hele livet» lokalt.

Ein aukande del eldre og einslege, fleire mindre hushald og eit større mangfald i befolkninga i distrikta gir behov for meir variert bustadmasse. Behovet for omsorgsbustader og sjukeheimar må sjåast i samanheng med utviklinga i bustadmarknaden og tilgangen på tilrettelagde og universelt utforma bustader. Regjeringa er oppteken av at lokal bustadpolitikk er integrert i kommunen sin strategi for samfunnsutvikling der ein ser ulike behov i samanheng.



Foto: Curro Voss Gabrielsen

Bustadplanlegging kan knytast til rekruttering av arbeidskraft, og andre tenester i lokalsamfunnet, og bidra meir generelt til gode lokalmiljø for befolkninga. Bustadmarknadene i slike område er ofte prega av avgrensa nybygging og manglande investeringar i den eksisterande bustadmassen. Samtidig kan tilgang til meir varierte bustadtypar vere avgjerande for at folk og bedrifter enkelt kan etablere seg og bli verande i ein kommune eller arbeidsmarknadsregion.

Meir nedbør og meir kompakte byar og tettstader gir utfordringar med handtering av overvatn. For å avgrense overfløyming kan det vere gunstig om meir av vatnet blir handtert utanfor eigne leidningar i bakken. Det kan gjerast gjennom tiltak som trygge flomvegar, opning av bekker, mindre asfalt, fleire grønne område som drenerer vatn, og grønne tak og

vegger. Naturbaserte løysingar kan vere eit viktig supplement for å førebyggje og redusere skadar ved flaum i byar og tettstader. Blågrøn infrastruktur i byar og tettstader kan i tillegg styrkje naturmangfaldet og gi befolkninga høve til naturopplevingar, rekreasjon og friluftsliv i nærmiljøet.

Parkar, grønne område og tre for rekreasjon og naturopplevingar er viktige element i byar og tettstader. Mangel på ledige areal gjer at parkar og grøntområde ofte er truga av utbygging til både offentlege tenester, næringsverksemd og bustader. Dette er område som har stor verdi for livskvalitet og helse for alle innbyggjarar, ikkje minst for barn og unge. I arealplanlegginga er derfor tilgang til grønne område nær barnehagar, skolar og andre institusjonar viktige omsyn. Det er eit mål at utbygging ikkje gjer oss meir sårbare

for naturhendingar og klimaendringar, gjer oppvekstmiljøet til barn og unge dårlegare eller gjer grøne område mindre tilgjengelege.

Ferdslar i grøntområde og naturomgivingar er den enklaste, vanlegaste og mest inkluderande forma for friluftsliv. Sti-, løype- og turruteplanar på tvers

av kommunar og fylke bidreg til slikt friluftsliv. Heilskapleg planlegging for eigenorganisert fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, utvikla i god dialog med innbyggjarar, legg grunnlaget for at planane er i tråd med aktivitetsutviklinga og etterspurnaden i befolkninga.

4.3 Kvalitet i dei fysiske omgivingane våre

Måten dei menneskeskapte omgivingane blir utforma på, og korleis bygg blir plasserte i forhold til kvarandre, påverkar moglegheita for vidare utvikling av staden. Menneskeskapte og naturbaserte omgivingar er ressursar i byutviklinga som styrker særpreg og identitet. Transformasjon og ny bruk av eldre bygningsmasse kan bidra til å bevare og vitalisere dei historiske byområda. God arkitektur, historiske bygningar og bymiljø medverkar til stadidentitet og positive opplevingar av sentrum, og er ressursar som bør utnyttast for å utvikle attraktive by- og tettstadsenter.

Dei vanlegaste årsakene til tap eller svekking av kulturminneverdiar er utbyggingspress og manglande bruk av eldre bygningar. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap i tråd med nasjonale mål. Fylkeskommunen og Sametinget har ansvar for å sikre dei nasjonale og vesentlege regionale kulturminneinteressene og hjelpe kommunane med rettleiing.

4.4 Levande sentrumsområde

Eit levande og mangfaldig sentrum med eit variert tilbod av møteplassar, handel, tenester og kultur- og fritidsaktivitetar er viktig for å få attraktive og konkurransedyktige byar og tettstader. Slike stader gir gode opplevingar og stadtilhøyrse. Opne og inkluderande fasadar og aktive førsteetasjar med publikumsretta aktivitet og verksemd bidreg til gater og byrom der det kjennest tryggare og meir attraktivt å vere. Sentrumsområde med bygg som rommar fleire funksjonar, kan gi positive utslag for aktivitetsnivået, særleg i mindre byar og tettstader. Ulike aktivitetar og verksemder gjer sentrum attraktivt både på dagtid og om kvelden. Samlokalisering av ulike offentlege og private funksjonar og aktivitetar kan auke utviklingskapasiteten i lokalsamfunnet og styrkje det samla finansielle grunnlaget for investeringar.

Regjeringa har eit klart mål om ei meir berekraftig by- og tettstadutvikling med reduserte

klimagassutslepp. Det går fram av dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som også inneheld den nasjonale politikken for lokalisering av handel og service. Eit tydeleg avgrensa sentrum med bustader, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel og andre publikumsretta funksjonar støttar opp under utviklinga av kompakte byar og tettstader med korte avstandar. Det er i sin tur med på å redusere bilbehovet og gjere sentrumsområda meir tilgjengelege for fotgjengarar og syklistar.

Ein felles, heilskapleg og langsiktig innsats mellom kommunen, private aktørar og innbyggjarar er viktig for å lykkast med sentrumsarbeidet. Kommunane har ei viktig rolle som planmyndigheit, samfunnsutviklar og grunneigar. Eit forpliktande samarbeid mellom gardeigarar styrker moglegheitene for eit godt samarbeid med kommunen.



REGJERINGAS FORVENTNINGAR

- Kommunane har ein aktiv og heilskapleg areal- og sentrumspolitikk der dei legg vekt på å styrkje sentrumsområda. Bustader, næringsverksemd, arbeidsplassar og tenestetilbod er lokaliserte i eller tett på sentrum, og det er godt tilrettelagt for kollektivtrafikk, syklistar og fotgjengarar.
- Kommunane har ei leiande rolle i utviklinga av sentrum og legg vekt på eit langsiktig og forpliktande samarbeid med private aktørar og innbyggjarar.
- Bustadpolitikken og bustadplanlegginga til kommunane er ein integrert del av kommunen sin strategi for samfunns- og arealutvikling. Politikken og planlegginga legg til rette for ein variert befolkningsstruktur gjennom god tilgang på bustadtomter som grunnlag for tilstrekkeleg, variert og sosial bustadbygging.
- Kommunane tek bustadsosiale omsyn i areal- og samfunnsplanlegginga gjennom krav til bustadstorleik og nærområde, og ved å regulere nok bustadtomter.
- Kommunane legg til rette for leige-til-eige-løysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- Kommunane planlegg for eit tilbod av tilrettelagde bustader for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
- Kommunane planlegg aktivt for å motverke og førebyggje levekårsutfordringar og medverkar til utjamning av sosiale forskjellar. Kommunane legg universell utforming til grunn i planlegginga av omgivnader og busetnad og sikrar omsynet til folkehelse i planlegginga.
- Kommunane legg vekt på arkitektur og kvalitet i dei bygde omgivnadene, og planlegg med utgangspunkt i særpreget til stadene, kulturhistoriske element og viktige landskapstrekk. Eldre busetnader og bystrukturar blir vurderte som ressursar i ein sirkulær økonomi.
- Fylkeskommunane og kommunane tek vare på kunst og kultur som ein del av den kommunale og regionale planlegginga, og legg til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv.
- Kommunar og fylkeskommunar har ei aktiv og heilskapleg tilnærming til utvikling av aldersvenlege kommunar og fylke.
- Kommunane legg vekt på å sikre byrom og blågrøn infrastruktur med stiar og turveggar som sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar bruks- og verneverdiane til vassdraga i planlegginga. Potensialet i vassdraga for trygg avleiing av overvatn og naturbasert demping av flaum skal utnyttast.
- Kommunane sikrar aktivt gode vilkår for god psykisk og fysisk helse i planlegginga.
- Kommunane tek hand om interessene til barn og unge gjennom ei samfunns- og arealplanlegging som skaper trygge, attraktive og aktivitetsfremjande by- og bumiljø.
- Kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.



Foto: Jan Hausken



Statlege planretningslinjer og statlege planføresegner


Gjeldande statlege planretningslinjer

Namn	Gyldig frå	Endringar i perioden
Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag	1994	Desse blir oppdaterte i samsvar med gjeldande lover. Det blir ikkje gjort endringar i innhald.
Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging	1995	Desse blir oppdaterte i samsvar med gjeldande lover. Det blir ikkje gjort endringar i innhald.
Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing	2018	Desse blir førte vidare uendra. Det skal lagast ein rettleiar.
Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen	2011	Evaluering gjennomført. Retningslinjene blir revidert i 2020.
Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging	2014	Desse blir førte vidare uendra.

Nye statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer for fjellområda	Parallelt med arbeidet med ei ny rettleiing om fritidsbusetnad vil regjeringa avklare behovet for statlege planretningslinjer for fjellområde. Hovudføremålet med eventuelle statlege planretningslinjer vil vere å klargjere nasjonal politikk for berekraftig utvikling i fjellområda der næringsutvikling, friluftsliv, landskap, naturmangfald, kulturminne, landbruk, energiproduksjon m.m. er viktige tema.
Statlege planretningslinjer for planlegging i sjøområde	Departementet skal avklare behovet for statlege planretningslinjer for kystnære sjøområde. Statlege planretningslinjer vil kunne gi signal om samordning og avveging mellom ulike interesser i kystsona gjennom regional, interkommunal og kommunal planlegging. Retningslinjene blir mellom anna sett i lys av arbeidet med rundskriv og rettleiar for planlegging i sjøområda.

Det er for tida ingen gjeldande statlege planføresegner. Det er ikkje vurdert nokon nye føresegner.



Utgjeve av: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Bestilling av publikasjoner:

Service- og tryggingsorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjoner er også tilgjengelige på:

www.regjeringa.no

Publikasjonskode: H-2445 N

Foto forside: Jan Hausken. Foto bakside: Guro Voss Gabrielsen

Trykk: 07 Media – opplag 1 500

